

Kor tid skal ein ta prøver

Føremålet med å ta ut jordprøver er å kartlegge jorda sin trong for gjødsling og kalking. Prøvar skal takast utanom vekstsesongen, og jorda skal ikkje være nygjødsla, nykalka eller frosa. I praksis betyr dette prøvetaking på hausten (etter innhausting) eller tidleg vår (før vekstsesongen på telefri jord).

Utstyr

- Jordbor
- Kart for avmerking av prøvestadane (merk skifte med prøvenummer.)
- Plastbøtte (til å blande jord frå prøvestikka i, 10-20 stikk)
- Jordprøveøskjer (skal merkast med navn, adresse og prøvenummer)
- Skjema for rekvirering av analysar (landbrukskontoret eller Eurofins)
- Vannfast tusj eller blyant til inn teikning i kart og merking av prøveøskjer

Jordprøveøskje/ -bor og analyseskjema kan ein få/ låne på landbrukskontoret. Ta kontakt før du skal ta ut prøvar for å sjekke om vi har bor tilgjengeleg. Returner boren raskast mogeleg etter prøvetaking.

Førebuing til uttak av jordprøvar

Planlegg prøvetakinga på et eige kart. Kart kan ein finne på www.gardskart.no. Skriv inn kommunenr: Askvoll: 1428, eller Fjaler 1429, + gards- og bruksnummer. Alternativt kan ein få kart på landbrukskontoret.

Garden si skifteinndeling er eit godt utgangspunkt for planlegging, men om det er ulike jordartar innanfor same skifte, bør det takast 2 eller fleire sett med prøvar. Oppdeling føreset at ein finn det praktisk mogeleg og utføre ulike gjødslings-/ kalkingstiltak innanfor det same skiftet.

Dersom det er lite variasjon innanfor skifta, og skifta ikkje er for store, er det ikkje naudsynt å ta fleire prøvar. Prøv å ta ut prøvene på same plass kvar gong, slik at ein kan fylgje med verknaden av kalking og gjødsling over tid.

Sjølve prøvetakinga

- Kvar prøve skal bestå av 15-20 borstikk, som ein blandar godt i ei plastbøtte. Ta gjerne prøvane på same stadane som ved førre prøveuttak.

Uttak på homogene areal: (skifte med liten variasjon i jordart)

- Fordel prøvestikka jamt over heile arealet som prøva skal representere.

Heterogene areal: (areal der ein kan finne ulike jordartar)

- Ta ut jordprøvestikka innanfor område som er mest representative for arealet.

Innsamling av jord:

- Ta jordprøvesticket i matjordlaget, fjern uønska materiale frå jordoverflata (gras, mose) og undergrunnsjord om dette kjem med i prøvesticket.
- Tørk alltid prøvane før ein fyller øskjene, og fyll opp til merkestrek på øskjene. Då slepp ein å sende prøvane inn på nytt av di det er for lite jord til analyse.
- Merk øskjene med namn/ adresse og prøvenummer som samsvarar med prøvenummer i kartet. Lukk øskjene og legg ved kart ved levering på landbrukskontoret.
- Om du sender prøvene sjølve til analyse, må ein e-post kopi av analysen sendast til landbrukskontoret om vi skal lage gjødselplanen: postlaf@askvoll.kommune.no.